

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Vik, møterom Sognekraft
Dato: 23.11.2012
Tidspunkt: 10:15 – 14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Marta Finden Halset	Leder	VIK
Oddvar Østerbø	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmseter	MEDL	SFFK
Hans Erik Ringkjøb	NESTL	VOSS
Knut Moe	MEDL	MODA
Silje Hjemdal	MEDL	HOFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Liv Anne Aanesen	Knut Moe	MODA

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær

Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO, Aurland
Nils Kvamme SNO, naturoppsyn
Veronika Seim Bech landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 25/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 26/12	Underskrift av protokoll frå forige møte		
ST 27/12	Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om økonomisk støtte til systematisering av data frå rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen», i elektronisk register		2012/4405
ST 28/12	Stølsheimen landskapsvernområde - Bestillingsdialogen 2013		2012/4480
RS 2/12	Bru ved Alrekstølen Overtaking av gamal bru over Alrekelva vert teke opp i styret når ny bru er teken i bruk.		2012/3147

Orientering:

Status på arbeid med revidering av forvaltningsplan.

Forvaltar orienterte om møta om forvaltningsplan som har vore i Vik, Ortnevik, Voss og Modalen/Vaksdal. Det er kome førespurnad om å delta på møte i Bergen turlag 4. desember, og i villreinnemnda for Fjellheimen i januar neste år. Styret støttar at forvaltar deltek i møte til organisasjonar med interesse i Stølsheimen.

Forvaltar presenterte idear om eit prosjekt med utvikling av innfallsportane til Stølsheimen. Forvaltar deltek i planlegging av prosjektet for å ivareta interessene knytt til verneområdet.

Oppsett av dialogmøte med Fagleg rådgjevande utval for Stølsheimen.

Det var ingen frå Fagleg rådgjevande utval som hadde høve til og vera med på dette møtet. Denne saka vert tatt opp på neste møte.

Utviding av FRU med representant frå villreinutval.

Styret drøfta saka. Forvaltar legg fram sak til neste møte.

Møteplan for 2013.

Fyrste møte i 2013 vert i veke 11 eller 12. På dette møtet vert det sett opp møteplan for neste år. Styret ynskjer å kombinera styremøte med synfaring i Stølsheimen.

Arkivsaksnr: 2012/4405-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 24.10.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	27/12	23.11.2012

Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om økonomisk støtte til systematisering av data frå rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde» i elektronisk register.

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre søker om kr. 25 000 i økonomisk støtte frå MONA-prosjektet til innlegging av registrete data frå rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde» i SNO-loggen.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.11.2012

Handsaming i møte

Saka vart lagt fram for godkjenning i styret. Saka vart godkjent av styreleiar og to styremedlemer på e-post 19. november, for å få sendt søknaden innan søknadsfristen som var 24. oktober.

Vedtak i tråd med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre søker om kr. 25 000 i økonomisk støtte frå MONA-prosjektet til innlegging av registrete data frå rapporten «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde» i SNO-loggen.

Saksopplysningar

Statens Naturoppsyn starta i 2011 prosjektet Mennesket og naturen (MONA). Føremålet med prosjektet er og systematisera og formidla kunnskap om tradisjonell bruk av natur. Stølsheimen verneområdestyre har fått førespurnad om å delta i prosjektet med innlegging av data frå «Stølsrapporten» i SNO-loggen, ei elektronisk loggbok for innlegging av blant anna registreringar og skjøtselstiltak i verneområde.

Søknadsfrist for å delta i prosjektet i år er sett til 24.oktober 2012. Stølsheimen verneområdestyre har møte 19. november, og vil gjere endeleg vedtak i saka på dette møtet. Leiar i verneområdestyret og to av styremedlemene har godkjent prosjektet på e-post, og rår til at søknaden vert sendt til DN og SNO innan søknadsfristen.

Vurdering

Prosjektbeskriving

Rapporten nr. 4-2011 «Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde» (Stølsrapporten) er utarbeidd på oppdrag frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapporten omhandlar registreringar frå alle kjende stølar og stølsliknande lokalitetar innan landskapsvernområdet i Stølsheimen, til saman 56 lokalitetar. Stølsdrifta pregar i stor grad landskapet i Stølsheimen landskapsvernområde, og er ein viktig del av kulturlandskapet og kulturminna. Spor etter stølsdrifta dokumenterer korleis menneska har nytta naturen gjennom generasjonar.

Stølsheimen verneområdestyre søker om kr. 25 000 i økonomisk støtte frå MONA-prosjektet til å legge data frå Stølsrapporten inn i SNO-loggen, for og systematisera kunnskapen frå rapporten. Omfanget på arbeidet er kalkulert til om lag 12 dagsverk.

Prosjektet vert gjennomførast under føresetnad av at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjev løyve til å legge data frå rapporten inn i SNO-loggen. Alle munnlege tilbakemeldingar frå involverte partar (forfattarar og oppdragsgjevar) eg har vore i kontakt med er positive til prosjektet, men på grunn av kort søknadsfrist har det ikkje vore tid til og innhenta skriftleg løyve.

SNO-loggen er eit dataregistreringsprogram for innsamling av blant anna data frå arbeid i verneområde. SNO sentralt har opplyst at det eit mål at SNO-loggen skal vera eit arbeidsverktøy i forvaltninga av verneområde. Både SNO og verneområdeforvaltar skal få tilgang til å legge inn data i loggen, og få innsyn i data som er registret. Dette vil gjera det enklare å få oversikt over tiltak i verneområde, og effektivisera sakshandsaming i samband med forvaltning av området. Prosessen med revidering av forvaltningsplan for Stølsheimen er sett i gang no i haust. Stølsrapporten gjev god kunnskap til arbeidet med forvaltningsplanen og tiltaksplan. Ved og samla registreringane i ein felles database, kan kunnskapen som er samla i Stølsrapporten verta lettare tilgjengeleg i arbeidet med å ta vare på kultur- og naturmangfalde. Historiske data og nye skjøtels- og restaureringstiltak vert samla i ein felles dataregistrering.

Nils Kvamme har arbeid som naturoppsyn i Stølsheimen landskapsvernområde sidan opprettinga i 1990. Han har og vore ein av forfattarane av Stølsrapporten, og sit med mykje kunnskap om området. Verneområdestyret ynskjer og leige han til arbeidet med

å legge inn data i SNO-loggen. Verneområdeforvaltar vil vera prosjektleiar, og verneområdestyret er prosjektansvarleg.

Kostnad med innlegging av data i registeret:

12 dagsverk a kr. 2 084: kr. 25 000

Som oppfølging av dette prosjektet bør Stølsheimen verneområdestyret vurdere og gje ein bestilling til SNO på totalregistrering av alle bygningar og tekniske installasjonar innan for verneområdet.

Arkivsaksnr: 2012/4480-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 31.10.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	28/12	23.11.2012

Stølsheimen landskapsvernomsråde - Bestillingsdialogen 2013

Innstilling frå forvaltar

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.11.2012

Handsaming i møte

Bestillingsdialogen vart presentert i møte. Dersom det kjem framlegg til mindre justeringar i bestillinga i år, sender forvaltar justert framlegg til styret på e-post. Nye innspel skal fyrst drøftast med styreleiar.

Framlegg til vedtak:

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner framlegg til bestillingsdialog frå forvaltar. Eventuelle innspel til bestillingsdialogen kan endrast fram til 11. januar 2013. Forvaltar får fullmakt saman med styreleiar til og gjera mindre justeringar i bestillingsdialogen.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner framlegg til bestillingsdialog frå forvaltar. Eventuelle innspel til bestillingsdialogen kan endrast fram til 11. januar 2013. Forvaltar får fullmakt saman med styreleiar til og gjera mindre justeringar i bestillingsdialogen.

Saksopplysningar

Tiltak i Stølsheimen landskapsverneområde for 2013 må planleggast og prioriterast på møtet i november. Bestillingar til SNO om oppgåver innan registrering, informasjon og skjøtsels- og tilretteleggingstiltak skal leggjast inn i bestillingsdialogen for 2013, med budsjett. Bestillingsdialogen vert sendt til DN og SNO-sentralt for nasjonal prioritering av tiltak, og tildeling av tiltaksmidlar.

Forvaltar skal ha møte med administrativt kontaktutval for Stølsheimen og SNO 6. november. Framlegg til tiltak vert sendt til verneområdestyret etter dette møtet.